



Kan fartsgrensa her bli 50? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Saksbehandlar Ivar Kåre Døssland i kommunen lovar Korsnes Vel at han skal be Statens vegvesen vudere utviding av 50-sona ved Korsnes. No er 60 kilometer i timen fartsgrensa i dette området.

I eit brev til velforeninga opplyser han at han har hatt kontakt med vegvesenet om oppsetting av busskur i busslomma ved avkøyringa til Korsnes. Vegvesenet har opplyst at busskurs her har høg prioritet, men Per Inge Naterstad kunne ikkje lova når det ville koma på plass. Samarbeid om byggjing av busskur mellom velforeninga og vegvesenet kunne vera aktuelt, men då etter nærare avtale og vegvesenet sine teikningar og standard måtte nyttast.

Fotgjengarfelt i 60-kilometer-sona er ikkje aktuelt, Etter målingar ligg fartsnivået der godt over 60 kilometer. Men om det vert 50-grense på staden og det lukkast å få fartsnivået redusert til under 50, kan det vera aktuelt at vegvesenet vurderer gangfelt på nytt, meiner Døssland.

Han oppmodar skuleelevar og andre om heller å gå gjennom bustadfeltet enn langs ein uoversiktleg riksveg 48 sjølv om dette kan vera ein liten omveg, Han tenkjer då på parsellen frå avkøyringa til Korsnes til Syne.

Ei anna sak er at både Statens vegvesen og han sjølv har registrert at mange som ferdast langs riksvegen på denne staden manglar refleks. Det er eit tema som bør takast opp i velforeninga, skriv Døssland til Tor Edward Taranger,

Av Ola Matti Mathisen



Busskur i busslomma har høg prioritet. (Foto: Ola Matti Mathisen)